

Kunnskapsdepartementet.

Ørsta 27.04.2012

Høring av NOU 2012: 1 Til barnas beste – Ny lovgivning for barnehagene.

Høyringsvar frå kommunale og private barnehagar i Ørsta Kommune ved styrarane.

Vi er ein del av ein sektor i stor vekst, både i privat og kommunal regi, og med eit lovverk som vi meiner det er på tide det blir gjort noko med. Vi har ei gjeldande barnehagelov som gir rom for tolking på for mange område. Dette meiner vi fører både til dårligare kvalitet og for lite mangfald i sektoren. Ein sektor med så mange involverte på ulike plan treng eit tydelig styringsverktøy. Vi er difor glade for denne utredninga med framlegg til ny lov der mykje av det som tidligare var i forskrifter og retningslinjer, no er foreslått å ta inn i lova.

I vårt høyringsvar har vi valt å ha fokus på det vi meiner er noko av det viktigaste for kvaliteten i barnehagen; pedagognorm, bemanningsnorm, barnegruppe, areal og barnehagefaglig kompetanse på kommunenivå.

Vi har også ein kommentar til opphaldstid for barn i barnehage.

§ 31 Styrer.

Vi støtter utvalet i den konsekvente bruken av ordet styrar i barnehagen, i staden for daglig leder. Og vi er glad for at fleirtalet i utvalet meiner hovudregelen skal vere at det er ein styrar i kvar barnehage. Styrar kan reknast som del av den pedagogiske bemanninga berre der styrar har fast arbeid i ei barnegruppe.

Styraren er ein sentral person i barnehagen, og har ei nøkkelrolle både overfor personalet, foreldre og ikkje minst den pedagogiske verksemda barnehagen er.

Styraren må ha god kunnskap om lov og forskrifter, og ha gode leiarkunnskapar.

Med bakgrunn i kor viktig styraren er for barnehagen har utvalet presisert i lovframlegget at det berre skal vere høve til midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet. Vi støttar utvalet i dette.

§32 Barnehagens grunnbemanning.

Vi støtter utvalet i å lovfeste både grunnbemanning og pedagogisk bemanning.

Kvaliteten i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, og førskulelæraren er den som har den nødvendige kompetansen til å drive barnehagen til beste for barn, i samarbeid med foreldre og i tråd med lov og rammeplan. Det er difor viktig at det er nok førskulelærarar i barnehagen, og at dette blir endra til 50 % av grunnbemanninga, slik at ein førskulelærar kan ha ansvar for 6 barn over tre år og 3 barn under tre år. Vi støttar også at andelen pedagogar skal reknast på barnehagenivå, og at fordelinga kan gjerast ulikt på avdelings- og gruppenivå. Dette fordi vi meiner det er viktig å hindre at det blir store barnegrupper med utgangspunkt i denne utrekninga.

Vi støttar utvalet i å talfeste den samla bemanninga slik at det blir tydelig kva ein meiner med "tilstrekkelig bemanning." Det er difor viktig å lovfeste at ein tilsett i barnehagen ikkje kan ha ansvar for meir enn 3 barn under tre år og 6 barn over tre år.

Økonomi er avgjerande for bemanning i barnehage og det er difor viktig å ha klare reglar mellom stat, kommune og private når det gjeld økonomi og pedagogisk bemanning, slik at alle veit kva kravet er og at det ikkje blir ulik vurderingar mellom desse tre aktørane på barnehageområdet.

Personalet sin kompetanse er den viktigaste kvalitetsfaktoren i barnehagen.

Utvalet har foreslått at 25 % av bemanninga skal vere barne- og ungdomsarbeidarar. Vi meiner at fordi kompetanse er ein så viktig kvalitetsfaktor i barnehagen bør det vere kompetansekrav til alle tilsette i barnehagen. Vi meiner difor at det skal stillast krav om minimum fagarbeidarkompetanse for den resterande 50 % av bemanninga.

I tillegg til at formelle kvalifikasjonskrav for heile barnehagen sitt personale må på plass, meiner vi at det også må stillast krav til generell kompetanseheving av alle tilsette. Dette meiner vi barnehageeigar må ha ansvar for.

Eksempel på kompetanse som trengs i barnehagen er rettleiingskompetanse.

For å få til ei opptrapping av kompetanse i barnehagen er det nødvendig å styrke kommunen sine økonomiske rammer.

§ 33 Barnegruppen

Utvalet har kome med framlegg om ny paragraf om dette. Det støttar vi.

Det er viktig å lovfeste denne retten barn skal ha til å høyre til ei fast gruppe der organiseringa skal ivareta barnas behov for forutsigbarhet og det å høyre til ei barnegruppe, og å ha nær tilknytning til kjente vaksne. Vi ønskjer ikkje å talfeste tal på barn i ei gruppe, men støttar utvalet i deira forståing av ei barnegruppe: *” Med barnegruppe menes en gruppe som er stabil og består av et avgrenset antall barn som en pedagogisk leder og en personalgruppe har ansvar for.”* (s.362 Merknader.)

Barnegrupper av slik storleik at det er mulig for vaksne å samhandle med barna på ein god måte er ein viktig faktor for å fremme barnas utvikling. Det at den enkelte vaksne har tid og høve til å kunne inngå nære samspelsrelasjonar med det enkelte barn er viktig. Dette viser også forskning. Utvalet viser til at utviklinga over tid har gått klart i retning av større barnegrupper.

§ 34 Barnehagens areal inne og ute.

Vi støttar utvalet i å lovfeste dette.

Det er likevel viktig å få med forståinga av kva *trygt og pedagogisk forsvarlig* er, slik utvalet legg fram i merknadene. Dette kan ein få fram i forskrifter frå departementet, og også i barnehagen sine vedtekter.

§ 17 Kommunen som lokal barnehagemyndighet.

Andre ledd i denne paragrafen presiserer at kommunen skal sørge for å ha tilgang på barnehagefaglig kompetanse over barnehagenivået. Dette meiner vi klargjer kompetansekravet til kommunen som barnehagemynde, og er viktig å lovfeste. Vi støttar difor utvalet i dette, men meiner at dette må kome fram endå tydeligare. Å ha tilgang til er for lite presist. Vi meiner det må lovfestast at det skal vere barnehagefaglig kompetanse på kommunenivå.

Vi viser også til tidligare utval som har foreslått å lovfeste dette, som til dømes Brenna utvalet. Også i 2005 i *”Klar, ferdig, gå – tyngsatsing på dei små”* vart dette foreslått.

Den rolla som kommunenivået har både som eigar og som mynde, er viktig både for utviklinga av barnehagesektoren og for at barnehagane blir driven i samsvar med lov og rammeplan.

Rystene barnehage
Leitevegen 1
6150 Ørsta

tlf 70068689

e-post: rystene@orstabarnhagen.no

Barnets oppholdstid i barnehagen.

Barnets oppholdstid i barnehagen er ikkje regulert i verken lov eller forskrifter. Utvalet har i denne NOU-en kome med framlegg om ein ny paragraf: **§ 5. Hensynet til barnas beste.**

Her viser utvalet mellom anna til rettar knytt til FNs barnekonvensjon og bestemmelsar i barnevernloven.

Vi ynskjer å kommentere her barnets rett i kvardagen til kortare arbeidsdagar enn vi ser at det er i dag. Erfaringa vår er at barns oppholdstid i barnehagen har auka mykje siste åra, både i timar per dag, og i dagar per veke. Vi kjenner til at nokre barnehageeigarar har regulert dette, mens andre ikkje gjer det i det heile, og at barnets daglige oppholdstid i barnehagen kan overstige både 9 og 10 timar.

Vi ynskjer ikkje å lovfeste eit bestemt tal på timar barnet kan vere i barnehagen, men ynskjer at dette skal problematiserast og kommenterast i forbindelse med paragrafen om barnets beste.

For styrargruppa i barnehagar i Ørsta Kommune

Reidun Mo, styrar Rystene barnehage